



Korpset spelar under basaren

Uskedalen Skulemusikk har hatt årsmøte og kan no stilla med eit fullsett styre. Anne Guri Kildal og Elin Enes gjekk ut, men Haldis Amalie Åkra held fram og nye i styret er Lene Taranger, Anette Sund, Hilde B. Bringedal og Anja Struter. Styret konsiterer seg sjølv på første styremøte.

Årsmøtet var prega av engasjerte og positive foreldre og det er ikkje tvil om at korpset no har vind i segla. Siste året har det hatt 21 aktive musikantar og Tor Skeie Olsen har fått mykje ros for dirigentjobben.

Ei annan viktig oppgåve er trommeopplæringa som Sindre Aksnes har hatt for 3 gitar.



Sindre Aksnes med 2 av 3 tromme-elevar Tørres og Jostein

I årsmeldinga vert også andre nøkkelpersonar trukke fram: Monica Storevik (kasserararbeid), Randi Nybakk (rekneskap),

Bente Hovden (uniformar), Steinar Naterstad (materialforvaltar),  
Thor Inge Døssland (ymse støttefunksjonar) og  
Frode Sæbø (revisor).

Av aktivitetsoversikten går det fram at korpset har vore i aksjon 8 gonger i tillegg til øvingane kvar tysdag. Det var 17. mai, presentasjon til nye aspirantar, sommaravslutning, Karmøy Brass, seminar, basar, grautfest og julekonsert.

Korpset har fått eit ryddigare  
lagerrom men kunne gjort meir med arkivering av notesamlinga. Det har no øvingar i 'Holen' i Oppvekstsenteret. Korpset har fått 50 000 av Sparebank 1 Stiftinga til kjøp av nye instrument og har kjøpt inn eindel.

Medlemspengar for dette året er sett til 400 kroner med 200 i søskenrabatt.  
Korpset vil betala  
halvparten av kulturskuleutgiftene for dei som vil gå andre året.  
Det vil også sponsa halvparten  
av dei som vil ha opplæring i andre instrument - til dømes trombone.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland



Sander er ein av dei nye musikantane